

SF revisjon IKS
Askedalen 2

6863 Leikanger

Revisorbrev 2015 Status ymse tiltak som er kravd for å fylgje opp tilrådingar og oppmodingar

Tiltak for å fylgje tilrådingar og oppmodingar vert svar på og nummerert som i revisorbrev 02-2015.

1. Bruk og avsetning til fond

1.1 Avsetning til disposisjonsfond i driftsrekneskapen

I samsvar med brev 7 april 2010 frå departementet til NKRF vil avsetjing og bruk av disposisjonsfond vera i samsvar med budsjett. Unnataket vert fond som er oppretta for overføring av midlar mellom dei ulike avdelingane, og resultatoverføringar.

1.2 Bruk av fond i investeringsrekneskapen

Fylkeskommunen vil tilretteleggja budsjettprosessen slik at ein fylgjer forskrifter og retningslinjer for bruk av og avsetjing til fond. Rekneskapen vert avslutta i samsvar med forskrift og budsjett.

2. Revisorbrev 01/2014

I samband med årsoppgjersrevisjon er forholda fylgde opp. Manglar avvik vert omtala i punkta nedanfor:

3. Avstemming av kontantkasse og omsetning på tannklinikkane og dei vidaregåande skulane

Det er utarbeida nye skjema for kontantoppgjer. Me har hatt opplæring med skulane og med tannklinikkane. Oppfylging med kvar eining i samband med føring av månadsoppgjer. Det er krav om at skjema skal sendast inn kvar månad uavhengig av omsetning. Det vert planlagt ny samling for skulane i løpet av hausten.

4. Føring av anleggsregister

Investeringar knytt til tannhelse vil frå 2015 verta utgiftsført pr tannklinikk slik at anleggsregisteret vil verta korrekt. Tilsvarande investeringar for skulane har siste åra vore spesifisert, men ført under eit anleggsmiddel. Me vil endre praksis for dette slik at det vert enklare å lese investeringar for kvar skule.

For investeringar som bygg og eigedom har ansvar for, eks. brannvern, vil me freista få rett spesifisering frå 2016. Bygg og eigedom må leggje om konteringsrutinane frå 2016.

5. Dokumentasjon av balanse

Utlån, lån, og bankkonti er dokumentert med vedtak om utlån, kontoutskrifter.

Krav, gjeld, fond. Det vert henta inn dokumentasjon for ulike offentlege midlar som vert avsett til fond slik at vilkår/statuttar vert lett tilgjengelege.

Nokre krav- og gjeldspostar som er registert, nyttar reskontronnummer. Me oppmodar avdelingane om å nytta faktureringsystemet ved registrering av ulike krav, reskontroføring vil då verta automatisk. Tilskotsmidlar vert ført på ulike konti knytt til aktuell avdeling og type tilskot.

Eldre krav (213xx)/eldre gjeld(232xx) vert lagt fram for ansvarleg person i samsvar med delegasjonsfullmakt, med tilråding om bortskriving

6. Fullstendig balanse

Bankkonti som er oppretta som fylkeskommunale konti, men som eigentleg høyrer til andre; for det meste elevar, vil verta registrert og ført mot bundne fond. Årleg kontroll mot rekneskap for gjeldande konto.

Rentekonto i bank var ukjend pr 31.12. Manglande renter vart etterlyst av fylkeskommunen. Desse som ikkje var godskrive fylkeskommunen i 2014, er inntektsført 31.03.2015.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Alvhild Orvedal
løns- og rekneskapsjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
SF revisjon IKS Askedalen 2 6863 Leikanger

Kopi til:
Einar Ulla, SEK